

# ULLA SKULEHUS

## ÅRSMØTE 21.05.16

- SAK 1

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjent.

- SAK 2

Val av møteleiar, referent og underskriving av protokoll.

Knut Halvard Ulla valt til å leie møtet, Grethe Flem Ulla skrive referat, Kirsti Ullahamar og Kirsti Ingelsrud underskrive protokollen.

- SAK 3

Godkjenning av årsmelding 2015/16.

Knut gjekk gjennom årsmeldinga, som vart godkjent utan kommentarar.

- SAK 4

Godkjenning av rekneskap og revisjonsmelding 2015/2016

Revisjonsmeldinga var anbefalt godkjent av revisor Kristin Martinussen.

Årsmøtet godkjente rekneskapet. Randi Ulla Nogva kom med forslag om å ta med rekneskapen for fjoråret og, slik ein kan sjå dei i samanheng.

- SAK 5

Planar og årskontingent.

Årsmøtet vedtok uendra kontingent for born (100kr) og at barn/ungdoms-kontingent gjeld fram til fylte 25 år. For vaksen vart det vedteke å auke kontingenten frå 300 kr til 500 kr.

Planar:

Gjere ferdig sanitæranlegget.

Ordne til kjøkenet. Nytte brukt kjøkeninnreiing. Røyrleggar må leigast inn.

Jon Henry Otterlei vil ta på seg jobben med vatn og avlaup inne.

Legge inn straum. Jarle Åkre vil lage eit overslag over arbeid og kostnader.

Det vert tilknytingsavgift på ca 12000kr og vidare faste avgifter.

Det vert ein del kostnader, og det vart oppfordra til å verve medlemar, og å reklamere for kronerullinga. Ullafesten er m.a. ein arena for dette.

Det har vore søkt midlar hos Sparebanken Møre og Tafjord kraft med negative svar. Det må arbeidast med søknadar om pengestøtte frå ulike stadar.

Utleige er ei anna inntektskjelde, etter kvart som huset er eigna for det.

Styret vil då ta opp utleigeregjar, prisar osv.

Elles må ein gjere ulike påfallande arbeid, som skifte av bordkledning ved roteskader, måle.....

- SAK 6 og 7

Val av styremedlemar.

Knut Ulla og Peder Ulla var ikkje på val.

Randi Ulla Nogva vart vald som styremedlem, då Grethe Flem Ulla ikkje tok attval.

Valkomiteen var på val, Astrid Ullahamar og Guttorm Ulla tok attval.

- SAK 8  
Innkomne saker.  
Ingen.

Grethe Flem Ulla tok på seg å ha ansvar for ein nøkkel, som kan lånast ut.

Referent  
Grethe Flem Ulla

Kristi Ulla Ingebrigt

Kristi Ulla Ingebrigt

Randi Ulla Nørga

Randi Ulla Nørga

Ulla Hallvard Ulla